



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Stormark og Rune Minde.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 09/21 – 11/21

F 09/21	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 16.03.2021
Vedlegg	Møteboka frå 16.03.2021 Innkallinga til møtet 04.05.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 10/21	ORIENTERINGAR
	<ul style="list-style-type: none">• Tilslutningsavtale som gjeld felles personvern og informasjonstryggleik.• Status for rekneskapane

F11/21	UTVELGING OG FORDELING AV SOKNET SINE FOND
	<p>Bakgrunn:</p> <p>Vi har no vridd alle ut og innbetalingar til soknet slik at alt går inn og ut frå brukskontoen 3490.32.11611.</p> <p>Vi har også gått tilbake i soknet sine øvrige kontoar og sett på kva som er betalt inn til spesifikke formål. Innbetalingar av bladpengar og festeavgifter er beløp som stort sett har vore mogeleg å skilja ut. Kyrkjevevja har gått tilbake til utgangspunktet for både høgrentekontoen og den såkalla festeavgiftskontoen og skilt ut innbetalingane til Kvardag og Helg og til festeavgifter. Det er betalt inn ca. kr. 140.000,- i bladpengar og ca. kr. 170.000,- i festeavgifter, som er inntekter dei siste åra. Desse beløpa er nokså treffande i forhold til dei faktiske innbetalingane. Det er likevel ikkje råd å tallfesta dette 100%,</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

sidan rekneskapane dei siste åra ikkje har vore ført. Dermed har det ikkje late seg gjera å stadfesta heilt nøyaktig kva som er kva.

Årleg og ved kvar rekneskapsavslutning, skal soknerådet vedta kor mykje som skal tilførast eller hentast frå fond og kva for fond dette gjeld.

Hensikta med å ha midlar ståande i fond, handlar om å sikra at midlane vert brukt til dei formåla som er bestemt.

Ein skil på bundne og ubundne fond og på om formålet er drift eller investering. I framlegget til vedtak er det berre 1 formål som er definert som eit bunde investeringsfond. Dette gjeld minnegåva i samband med gravferda til Grete Herøy. Her er ønsket frå familien at gåva skal gå til å dekkja eit formål i kyrkja, som ikkje skal vera driftsmidlar. Det er ikkje spesifisert nærare kva dette kan vera. Det betyr at desse midlane vert ståande på fond inntil ein har eit formål som soknerådet bestemmer seg for å bruka pengane til. Det må vera eit vedtak i soknerådet som ligg til grunn for dette.

Slik det er no, vert inntekter og utgifter til drift av kyrkjebladet handtert fortløpande (inn og ut av brukskontoen). Ved den årlege rekneskapsavslutninga, vert overskot på drifta av bladet ført inn på bunde driftsfond for Kvardag og Helg. Eller motsett: underskot på drifta av bladet vert ført tilbake frå fondet. I begge tilfelle skal det gjerast vedtak i soknerådet. Alle utgifter og inntekter her går til drift og vert ikkje sett på som investering.

Når det gjeld festeavgifter, så er det meininga at dette er midlar som skal gå til forvaltninga av gravplassane. Det er relevant at delar av løn til sekretær og/eller kyrkjeverje kan dekkast frå slike fondsmidlar, samt andre administrasjonsutgifter. Vidare er det naturleg at fondsmidlar kan gå til å dekkja innkjøp av utstyr til gravplassen, til utarbeiding av verneplan og så vidare. Festeavgiftene skal pløyast tilbake igjen til gravplassdrifta og skal ikkje brukast til trusopplæring eller kyrkjeinventar, til dømes. På Fedje har kommunen ved teknisk avdeling ein del av utgiftene til gravplassdrifta. Dette gjeld mellom anna slått og graving. Kyrkjeverja har drøfta fondsdefinisjonane med rekneskapsførar, som tilrår at festeavgiftene (i den grad ein ønskjer å ha eit fond for festeavgifter) vert definert som ubundne driftsfond. Ein kunne ha plassert festeavgiftene i den store samlesekken som er ubundne driftsfond. Dei er likevel skilt ut her, for å å gje soknerådet eit oversyn på kor mykje som er tatt inn i festeavgifter dei siste åra. Kyrkjeverja har gått inn i gamle kontoutskrifter frå banken og sett på innbetalingar frå 2013 og framover.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Det eksisterer allereie eit fond med formål universell utforming i kyrkja, sidan det er samla inn midlar til formålet. Dette fondet, saman med fondet for Kvardag og Helg, festeavgifter og generelt ubunde driftsfond, kan ikkje tallfestast no før alle rekneskapane er ført og avstemt.</p> <p>Fondsbeløpa og tallfesting av dei resterande fonda vert å koma tilbake til i eit nytt vedtak.</p> <p>Her kjem ei oversikt på inneståande på soknet sine kontoar pr. 03.05.2021:</p> <ul style="list-style-type: none">• 3490.32.11611 (Brukskontoen) kr. 73.685,96• 3632.57.07407 (Ungdom) kr. 30.141,26• 3632.54.98430 (Festeavgift mm) kr. 390.054,80• 3632.71.56327 (Høgr – gjevart mm) kr. 200.373,12• Legatkonto kr. 48.572,00• Skattetrekkskonto: varierar <p><u>Framlegg til vedtak:</u></p> <p><i>Fedje sokneråd gjer følgjande utvelging av soknet sine fond:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• G 2: kr 14.463 - Bunde driftsfond• Minnegåve Grete Herøy: kr 11.925 – bunde investeringsfond.• Ungdomsarbeid: kr 30.141 – bunde driftsfond• Kvardag og Helg: – bunde driftsfond• Universell utforming: - bunde driftsfond• Festeavgifter: – ubunde driftsfond• Resterande: - ubunde driftsfond. <p><i>Fedje Sokneråd fordeler soknet sine reservar på bundne og ubundne fond som nemnt ovanfor. Soknet skal sitja igjen med 3 kontoar, brukskontoen 3490.32.11611, skattetrekkskontoen og legatkontoen. Dei to sistnemnde kontoane er ein skattetrekkskonto som har med lønskøyning å gjera og ein legatkonto for gravstell. Denne kontoen skal brukast til dette formålet og er ein konto som soknet disponerer på vegne av ein tredjepart.</i></p> <p>Soknet sine øvrige kontoar skal slettast og alle beløpa overførast brukskontoen 3490.32.11611.</p> <p><i>Soknerådet bestemmer i vedtaksform ved den årlege rekneskapsavslutninga, kva som skal overførast til eller frå soknet sine respektive fond.</i></p> <p><i>Tallfesting av dei øvrige fonda vert å koma tilbake til i eit nytt vedtak, etter at rekneskapane er gjort ferdig og avstemt.</i></p>
Vedtak:	<p><i>Fedje sokneråd gjer følgjande utvelging av soknet sine fond:</i></p> <ul style="list-style-type: none">• G 2: kr 14.463 - Bunde driftsfond• Minnegåve Grete Herøy: kr 11.925 – bunde investeringsfond.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

- **Ungdomsarbeid:** kr 30.141 – bunde driftsfond
- **Kvardag og Helg:** – bunde driftsfond
- **Universell utforming:** - bunde driftsfond
- **Festeavgifter:** – ubunde driftsfond
- **Resterande:** - ubunde driftsfond.

Fedje Sokneråd fordeler soknet sine reserver på bundne og ubundne fond som nemnt ovanfor. Soknet skal sitja igjen med 3 kontoar, brukskontoen 3490.32.11611, skattetrekkskontoen og legatkontoen. Dei to sistnemnde kontoane er ein skattetrekkskonto som har med lønskøyring å gjera og ein legatkonto for gravstell. Denne kontoen skal brukast til dette formålet og er ein konto som soknet disponerer på vegne av ein tredjepart.

Soknet sine øvrige kontoar skal slettast og alle beløpa overførast brukskontoen 3490.32.11611.

Soknerådet bestemmer i vedtaksform ved den årlege rekneskapsavslutninga, kva som skal overførast til eller frå soknet sine respektive fond.

Tallfesting av dei øvrige fonda vert å koma tilbake til i eit nytt vedtak, etter at rekneskapane er gjort ferdig og avstemt.



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Hans Erik Waage, Vivian Rognsvåg, Solrunn Gullaksen, Terje Stormark og Rune Minde.

Frå kyrkjekontoret: *Evy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 10/21 – S 12/21

S – 10/21	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 02.02.21
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 16.03.2021 Innkallinga til møtet 04.05.2021
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 11/21	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Sjøvegs kyrkjereis

S 12/21	GJENNOMGANG OG GODKJENNING AV NY GUDSTENESTEORDNING
	<p>Bakgrunn: Kyrkjemøtet 2019 gjorde vedtak om at alle kyrkjelydar skulle revidera den normale grunnordninga for hovedgudstenesta (sak KM05/19). Det er dei lokale sokneråda som har fått delegert mynde til å gjera vedtak om denne revisjonen. Eit soknemøte skal og få høve til å uttala seg. Ein treng ikkje søkja biskopen si godkjenning, men berre senda denne til biskopen via prosten. Dette er under føresetnad av at den lokale grunnordninga ikkje avvik frå den vedtatte ordninga som den som står i gudstenesteboka. Du finn reglar og almenne føresegner og den fulle ordninga for hovudgudsteneste ved å gå inn på denne lenkja: https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/for-medarbeidere/liturgier/ Den største endringa er at kyrkjemøtet i 2017 vedtok at talet på godkjente musikkseriar vert redusert til fem hovudseriar, tre allmenne hovudseriar, og to kyrkjeårsbestemte tilleggsseriar.</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Ein bør ha minst to faste hovudgudstenester: høgmesse og familiegudsteneste som kyrkjelyden kan bli vant med.</p> <p>Eit felles utval for Austrheim og Fedje har i tråd med dette vedtaket laga eit forslag til revidert grunnordning for Austrheim og Fedje kyrkjelydar for desse to hovudgudstenestene: høgmesse og familiegudsteneste - eitt dokument der variasjonar for begge hovedgudstenestene er tekne omsyn til. Om du går inn på lenkja som er vedlagt her kan du sjå på forslaget.</p> <p><u>Framlegg grunnordning Austrheim m. kommentarar.pdf</u></p> <p>I utvalet har desse vore med: frå Austrheim: Jostein Hauge, Tove Daae og Astrid Skodvin, frå Fedje: Ole Vik, Tone Sævi og Thea Koppen Blomvågnes. Sokneprest Rune Minde har leia arbeidet. Soknemøtet/årsmøtet for Austrheim hadde saka oppe 14. april 2021 og gjekk inn for forslaget.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner framlegget til ny hovudordning for gudstenesta slik den ligg føre.</i></p>
Vedtak:	<p><i>Fedje sokneråd godkjenner framlegget til ny hovudordning for gudstenesta slik den ligg føre.</i></p> <p><i>Protokoll frå soknemøte vert lagt ved og tatt omsyn til.</i></p>